



Arkivsak

26/04280-1

Sakshandsamar

Ida Marie Engen

Saksgang

Partssammensatt utvalg

Yrkesopplæringsnemnda

Telemark ungdomsråd

Hovedutvalg for utdanning, folkehelse
og tannhelse

Møtedato

19.05.2026

20.05.2026

22.05.2026

27.05.2026

Svar på vedtak om ny feiring for avgangselever i Telemark fylke

Innstilling frå fylkesdirektøren

Det etablerast ei ordning i Telemark fylkeskommune med felles fylkesavgangsstyre for å styrkje samhandling på tvers av skulane, fremje inkludering og sikre at elevane får reell påverknad på eiga avgangsfeiring¹.

Fylkesavgangsstyret vert involvert i prosessen med å vurdere behovet for ein felles samlingsplass, og for å sjå på moglegheitene for å etablere slike møteplassar om det er ønskjeleg.

Bakgrunn og saksgang

I møtet i hovudutvalet for utdanning, folkehelse og tannhelse 2. oktober 2025 vart fylkesdirektøren i sak 68/25 beden om å innarbeida vedtaket om forbod mot å markera russegrupper i skulereglane. Fylkesdirektøren vart vidare beden om å sjå på moglegheiter og innretning av eit fylkesavgangsstyre, som kan ha eit overordna koordineringsansvar for russemarkeringa i fylket. Fylkesdirektøren vart òg beden om å ta opp dialogen med kommuneadministrasjonane i Telemark for å sjå på moglegheiter for felles samlingsplassar for russen – høvesvis éin i Grenland og éin i Øvre Telemark.

Denne saka er eit svar på den politiske bestillinga frå sak 68/25.

Saka blei drøfta i medbestemmingsmøte 16. april 2026. Dei tillitsvalde hadde inga merknadar til saka. Partssamansett utval, yrkesopplæringsnemnda og Telemark ungdomsråd får saka til uttale. Hovudutvalet for utdanning, folkehelse og tannhelse gjer endeleg vedtak i saka.

¹ Avgangsmarkering er eit omgrep som i aukande grad blir brukt i norsk skule, særleg i vidaregåande opplæring, som ei meir inkluderande og formell nemning på feiringa av fullført skulegang. Omgrepet blir ofte brukt i samanheng med eller som ei erstatning for den tradisjonelle russefeiringa

Saksopplysningar

Fylkesdirektøren har innarbeidd vedtaket i sak 68/25 inn i skulereglane som trer i kraft frå 1. august 2026. Punkt 11 under § 5 Oppførsel i skulereglane lyder nå slik:

Det er ikkje tillate å markere russegrupper, gjennom mellom anna bruk av symbol og effectar, då dette motverkar eit inkluderande læringsmiljø for alle. Eleven skal bidra til at alle medelevar blir inkluderte i skulen sitt fellesskap og til eit skulemiljø som involverer alle. Skulemiljøet omfattar òg aktivitetar som er knytte til skulen. Dette gjeld heile studieperioden.

Fylkesdirektøren blei i same sak bedt om å sjå på moglegheitene og innretninga for å etablere eit fylkesavgangsstyre som kan ha eit overordna koordineringsansvar for avgangsmarkeringa i fylket.

For å greie ut saka, inviterte fylkesdirektøren russepresidentar, elevrådsleiarar og representantar frå Vg2 til to samlingar for å drøfte kva som kjenneteiknar eit inkluderande, trygt og godt skulemiljø og ei god avgangsfeiring. Ungdomane blei òg bedne om å ta stilling til om det bør etablerast eit fylkesavgangsstyre eller ikkje.

Både leiar for hovudutvalet for utdanning, folkehelse og tannhelse, og fylkessjef for utdanning deltok på samlingane, som fann stad på Porsgrunn vidaregåande skole for nedre Telemark og Bø vidaregåande skule for øvre Telemark.

Elevane løfta fram både gleda og dei sosiale utfordringane som følgjer med avgangstida, og understreka skulen sitt ansvar for å fremje inkludering og førebyggje utanforskap.

“Avgangstida skal vere for alle, og vi ønskjer eit fellesskap der alle kan delta på eigne premisser”, sa ein av elevane. Ønsket om eit felles fylkesavgangsstyre kom tydeleg fram. Elevane ser fordelane av å ha ein samarbeids- og høyringsarena på tvers av skulane der dei kan utveksle erfaringar, utvikle trygge retningslinjer og styrkje samhaldet på tvers av skular og lokalsamfunn. Elevane håpar at deira stemme blir høyrte, og at dei kan få reell medverknad på tiltak knytt til skulemiljøet og avgangsfeiringa.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Det må reknast med nokre økonomiske utgifter knytt til møteavvikling- og reiseutgifter for deltakarane viss fysiske møter skal haldast. Det vil vere behov for å setje av administrative ressursar for å bistå med planlegging og gjennomføring av møter, samt gje styret tilstrekkeleg sekretariatsbistand. Det er ingen juridiske konsekvensar som følgje av forslaget.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Ved å leggje til rette for at elevane får moglegheit til å medverke og tileigne seg erfaringar med demokrati i praksis, samstundes som ein sikrar ei inkluderande, helsefremjande og trygg feiring for avgangselevar, bidreg skulen til eit trygt og godt skulemiljø. Dette er i tråd med FNs bærekraftsmål nummer 4: «God utdanning».

Fylkesdirektørens vurdering

Gjennom utgreiinga av saka har det vorte klart at eit felles fylkesavgangsstyre kan vere eit viktig verkemiddel for å fremje inkludering, tryggleik og fellesskap i avgangstida. Det vurderast at eit fylkesavgangsstyre vil kunne bidra til å realisere fylkeskommunen sitt mål om eit inkluderande og trygg avgangsmarkering.

Fylkesdirektøren vurderer at et fylkesavgangsstyre vil kunne legge til rette for betre samhandling på tvers av vidaregåande skular, utveksling av erfaringar og utvikling av felles retningslinjer for avgangsmarkeringa. Fylkesdirektøren meiner det ikkje er naturleg at fylkesavgangsstyret høyrer til i den ordinære møtestrukturen som handsamar ordinære politiske saker, men fylkesavgangsstyret bør få påverke og medverke i dei spesifikke sakene som gjeld avgangstida og -markeringa.

Som ei handterbar og praktisk ordning vurderer fylkesdirektøren at det kan leggjast til rette for eit godt samarbeid i fylkesavgangsstyret gjennom å opprette eit eige team med tilhøyrande chat-funksjonalitet som gir høve til kommunikasjon og deling av relevant informasjon etter behov. Så kan fysiske møter reduserast, kan hende vil det ikkje vere naudsynt.

For å vurdere om det er behov for felles samlingsplassar for avgangselevar, er det i denne saka vurdert at avgangselevane det gjeld, må bli høyrde, og at dei må medverke i den vidare utgreiinga. Det er eit døme på ei sak som fylkesavgangsstyret må få innverknad på.

Fylkesdirektøren foreslår at det etablerast eit felles fylkesavgangsstyre i Telemark frå hausten 2026. Fylkesavgangsstyret må sjølv medverke til å finne innretning på styrets form og organisering.

Fylkesdirektøren vurderer også at fylkesavgangsstyret må vere med i prosessen med å vurdere om det er behov for ein stad å vere, og eventuelt sjå på moglegheitene for felles samlingsplassar for avgangselevane.